

**Notat**

Dato: 10.07.2019  
Arkivsak: 2014/13889-146  
Saksbehandlar: evavinj

---

**Til:** Fylkestrafikksikringsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Trafikksikringskonferansen i Hordaland 2019

### Bakgrunn

Kvart år arrangerer Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland ein trafikksikringskonferanse for kommunane og andre interessentar i fylket. Årets konferanse vil finne stad 7.november 2019 på Grand Hotel Terminus. Ettersom vi kort tid etter konferansen inngår i Vestland fylke ønskjer vi å invitere kommunar og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane til konferansen. Konferansen er ein fin møtestad for folk som jobbar med trafikksikring, og i fjor fekk vi tilbakemeldingar om at dette fungerte godt som ein møteplass for å knytte nye kontaktar.

### Førebels program

I evalueringa av førre trafikksikringskonferanse kom det inn ønskjer om tema, blant desse fann vi sykkel og gange, tilskotsordningar, regionreform og overføring av oppgåver, samt samarbeid på tvers av kommunar. Vi fekk også tilbakemelding om at vi bør tilstrebe å ha ein geografisk balanse i programmet.

Hovudfokuset på årets konferanse vil vere mjuke og sårbare trafikantar. Mikromobilitet vil vere eit naturleg tema når vi har fokus på dei mjuke trafikantane.

I tillegg vil det vere viktig å sei noko om dei nye oppgåvene til fylkeskommunen etter 2020, og korleis vi skal ivareta vårt ansvar innan trafikksikring. Tilskotsordningane til FTU i Vestland fylke vil også bli presentert.

Til no har vi fått positive svar frå Vegdirektoratet og Bergen kommune om at dei kan stille med innlegg.